



Gerry Borge Hasselquist
Ådlandsvegen 356
5919 FREKHAUG

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/14517 - 20/56314

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
09.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - garasje med dispensasjon gbnr 328/7 Grasdalen

Tiltak: garasje med dispensasjon
Byggjestad: Gbnr: 328/7
Tiltakshavar: Gerry Andre Hasselquist Borge
Ansvarleg søkjar:

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 21.08.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden om dispensasjon og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Kvittering for nabovarsel om dispensasjon.
2. Det må søkjast om dispensasjon frå byggjegrense frå fylkesveg for avstand på under 50 meter. Søknadsskjema finn du på Statens vegvesen si nettside.
3. Dispensasjon frå planføremaal LNF-område og frå byggjegrense mot fylkesveg skal grunngjevast.
4. I tillegg skal det sendast målsatte teikningar snitt, plan og fasade.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan

16.10.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gerry Borge Hasselquist

Ådlandsvegen 356

5919

FREKHAUG